

Deltakarar:	Gunnar Yttri (HVL), Bo Byrkjeland (UIB), Øystein Thøgersen (NHH), Torbjørn Mjelstad (Fagskulen Vestland), Aida Cisic-Dizdar (NAV), Sølvi Olrich (KS), Frode Sirhaug (Helse Bergen), Bjørn Lyngedal (VLFK), Bård Sandal (VLFK), Tor Ivar Sagen Sandvik (VLFK)		
Fråfall:	Atle Rasmussen (LO), Helene Frihammer (NHO), Kathrin Jakobsen (VLFK)		
Emne:	Kompetanseforum Vestland – Referat	Sak:	17-/24- 22/24
Møtetid:	Fredag 25. oktober, kl. 9.00 til 11.30	Møtestad:	Teams

## **Sak 18/24 Statsbudsjettet 2025**

Runde rundt bordet om statsbudsjettet for 2025 med fokus på UH-sektoren, kompetanse og EVU

*Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek orienteringane til vitande*

## **Sak 19/24 Oppfølging av rapporten «Kartlegging og analyse av regionale kompetanseforum»**

På førre møte i kompetanseforum gjekk vi gjennom anbefalingane i Oxford Research sin rapport om regionale kompetanseforum. Det vart vedteke at saka skulle følgjast opp med ein gjennomgang av mandatet. Mandatet for Kompetanseforum Vestland vart vedteke i mars 2020. (Mandat og samansetning av forumet i vedlegg 1) Sekretariatet har oppdatert samansetninga av kompetanseforumet der titlar har endra seg sidan 2020. I tillegg foreslår vi følgjande endringar i mandatet under overskrifta «oppgåver» for å få betre samsvar mellom mandatet og korleis Kompetanseforum Vestland fungerer i dag:

- 1) «Følgje opp innspel frå dei lokale samarbeidsarenaene, bransjane og utdanningsaktørane og setje i gang prosjekt etter behov» vert endra til «Følgje opp innspel frå dei lokale kompetanseforuma og bransjar. Medlemmane set i verk tiltak etter behov, einskildvis eller i samarbeid»
- 2) «Stimulere til prosjekt på tvers av bransjar og regionar» strykast frå mandatet
- 3) «Arrangere eit stormøte for regional kompetansepolitikk årleg» vert lagt til som eit nytt punkt i mandatet

Kompetanseforum Vestland diskuterte endringsforsлага og om det er behov for å gjøre andre endringar i mandatet.

*Vedtak: Kompetanseforum vedtek endringsforslag i mandatet som skissert ovanfor*

## **Sak 20/24 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling: Årsplan 2025**

Arbeidet med handlingsprogrammet til den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling har no kome til årsplan for 2025. Årsplanen skal leggjast fram for

politisk behandling i januar 2025. Under følgjer ei oversikt over tiltaka i årsplanen for 2024 innan satsinga «Kompetanseutvikling i arbeidslivet»:

### **DELMÅL 1 Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentleg sektor**

- Avdekke kompetansebehov i dei grøne hubane
- Utvikle eit kompetanseprogram for industriell symbiose
- Sette saman kompetanseprogram retta inn mot det grøne skiftet og Grøn region Vestland
- Etablere fleire kontaktpunkt mellom næringslivet/bransjar og studentar ved universitet og høgskule
- Kompetanseheving på karriererettleiing til rådgjevarar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring

### **DELMÅL 2 Det er god tilgang på arbeidskraft**

- Teste ut modellar for å kartlegge kompetansebehovet i den einskilde kommunen
- Vidareutvikle nettskulen i Vestland for å bidra til større breidd og auka fleksibilitet i vidaregåande opplæring for unge og vaksne i heile Vestland
- Etablere fysiske læringsmiljø i distrikta
- Synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar
- Følgje opp studiesentera i Vestland
- Utveksle erfaring om modellar for mobilisering til etter- og vidareutdanning for tilsette i privat og offentleg sektor
- Utvikle FORREGION Kompetanse
- Utgreie moglegheitene for nye modellar i helsefagutdanninga
- Utveksle erfaringar om nye modellar for samarbeid om tilbod til dei som står utanfor arbeidslivet
- Mobilisere til fleire søkjavarar til utdanningsprogram med låg innsøking som er viktige for arbeidslivet i fylket som heilskap og i ulike delar av fylket
- Avklare hindringar og moglegheiter for rekruttering av utanlandske arbeidskraft

### **DELMÅL 3 Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling**

- Etablere eit nettverk for karriererettleiingsaktørar i Vestland
- Utvikle internasjonale samarbeidsprosjekt på kompetansefeltet
- Kompetanseforum sender felles uttale til nasjonale myndigheter når det er aktuelt

I møtet gjekk vi gjennom framdrifta i dei tiltaka som krev samarbeid mellom fleire aktørar, og diskuterer om det er behov for å endre innrettinga på nokre av tiltaka eller legge inn nye tiltak i 2025

*Vedtak: Kompetanseforum Vest tek statusgjennomgangen av tiltaka i 2024 og moglege forslag til endringar for årsplan 2025 til orientering*

### **Sak 21/24 Talentattraksjon ved One Ocean Havbyen Bergen og NCE Seafood**

Det overordna målet i One Ocean Havbyen Bergen er rekruttering av talent, entreprenørar, bedrifter, kapital og eldsjeler. Skal vi lukkast med ambisjonane våre om å skape verdiar frå havet på ein berekraftig måte, må vi også lukkast med å tiltrekkje oss arbeidstakrar med rett kompetanse. Prosjektleiar Vidar Aarhus orienterte om strategien for One Ocean med fokus på talentattraksjon.

NCE Seafood v/ Lena Bekken presenterte ein rapport dei har utarbeida om talentattraksjon i sjømatnæringa: Industry Insight: "Talentattraksjon" – korleis tiltrekke og halde på talentar i distriktet.

I møtet diskutererte kompetanseforum korleis vi kan følge opp desse problemstillingane.

*Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek presentasjonane til orientering*

**Sak 22/24      Eventuelt**

Høgskulen på Vestlandet orienterte om endringar i studietilbodet ved studiestad Førde.

KS orienterte om NM i yrkesfag i 2025 og ny regiondirektør i KS Vest

*Vedtak: Kompetanseforum tek orienteringane til vitande*

